

**Ombygging av hytte og skepsis til bustad**

15.09.2012

**Kommunen har handsama fleire byggesaker som uskedelingar har søkt om. Ein gjeld hytteombygging oppe i dalen og ei bustad i Herøysund.**

Ann Karin Naasen Karlberg, som bur i Sannidal i Telemark får endre hytta med tilbygg og anneks på 12 kvadratmeter. Hytta ligg i Muslandsvegen 221 og naboane har ingen merknad. Utvidinga er i samsvar med krav og Kurt E. Miljeteig har gjeve samtykke til bygging nærare nabogrense enn 4 meter.

Sindre Stensletten sitt prosjekt i Herøysundet skal drøftast på førehandskonferanse. Ein grunn er at arealet i kommuneplanen også er vist som areal for viktig kulturninne/kulturmiljø. Det er også usikkerheit om plassering i høve til nabogrenser og det synest som om bygget når lenger ut i sjøen enn før.

Stensletten skal undersøkje sjødyp og trong for flytekai utover i sundet. Kommunen vil også avklara estetisk utforming og uttrykk i dette området samt ei god tilpassing av så stor fylling i sjø, skriv saksbehandlar Jon Harald Kjærland.

Av Ola Matti Mathisen